


Ådlandsvatnet Fiskelag
V / Per Bergli
Ådlandsvegen 100,
5416 Stord.

Stord 18.03.2013



Fiskeri og kystdepartementet,
Postboks 8117Dep.
0032 Oslo.

Grunneigarlaget Ådlandsvatnet Fiskelag har gjennom brev frå Fylkesmannen i Hordaland motteke som vedlegg ”*Utkast til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden*” til høyring.

Me forstår av brevet at departementet er interesserte i å få fram konsekvensane fiskerettshavarane får ved ei mogeleg reduksjon av biomassen i området.

Ådlandsvatnet Fiskelag driftar og driv kultiveringsarbeid i Ådlandsvassdraget i Stord kommune, eit av vassdraga i Hardangerfjordsona som ligg lengst ute mot Nordsjøen.

Dei siste åra har me sett med stor uro på aukinga av lus og soppskadane på dei anadrome fiskeartane (sjøaure og laks) som går opp i vårt vassdrag og me ser fram til og er positive til at biomassen av fisk vert redusert med ca 11% til 50000 tonn.

Me vonar at det vil gje ein viss verknad, men me hadde helst sett at ein større reduksjon av biomassen hadde vore det beste, for me tvilar på om det blir nokon betring av tilhøva i vårt vassdrag med ein så liten reduksjon, men det er betre enn å auka biomassen som fleire av kommunane i området ser ut til å ville gjera. Ein ting me vil nemne i samband med dette er at all forskning og rapportering syner til at lusa vert meir og meir resistent mot dei medisinane som i dag vert nytta for fjerning av lusa. Dette gjer jo sitt til at det vert ei auking, både av medisinbruk og av lusa, sjølv om mengden av biomassen vert redusert.

Den auka medisinbruken fører også igjen til at det vert meir og meir uheldig for det marine miljøet rundt oppdrettanlegga.

For at problema med lakselus skal minka må myndegheitene også syrgja for at det blir forska meir for å få fram betre medisinar enn dei som vert nytta i dag.

Alt dette gjer sitt til at me er usikre på at lusemengden vil bli redusert i samband med minkinga av biomassen og derfor er me også usikre på hva konsekvensane vert for vårt vassdrag i framtida, sjølv med redusert biomasse.

Me vil gje nokon døme på tilhøva i Ådlandsvassdraget dei siste åra.

Me hadde i juni mnd for 2 år sidan forskarar frå firmaet Uni Miljø AS som prøvefiska med garn i elveutløpet. Dei fekk 70 sjøaure i storleiken 10-16 cm. Fisken som vart fanga var nok fisk som hadde gått ut i sjøen tidlegare på året, men hadde vorte smitta av lakselus og kome tilbake til elva for å avluse seg. Fisken hadde stort påslag av lakselus og larver, enkelte hadde opptil 100 larver /lus på seg. Observasjonar synar at det er ikkje noko betre i dag.

Fiskelaget har også dykkarar som har observerer og teljer sjøaure og laks i vassdraget. Dei har i elveosen observert fisk som var så tydelig avkrefta av luseskadar at dei ikkje klarte å forsere laksetrappa ovanfor osen. Fisken var også utan fluktrespons, såleis at dei var lett bytte for predatorar. Dei har også registrert lite sjøaure på gyteplassane dei siste åra.

Når det gjeld laks så har me hatt lite oppgang dei siste åra då eit kommunalt lututlepp drap minst 2,5 årgangar av lakseyngelen i 2008. Laksen som er observert dei siste åra har også ein god del lus og/eller har skadar etter lus. Det har vore totalt fiskeforbod i vassdraget etter lututsleppet så me har ikkje hatt inntekter etter år 2007 så dei økonomiske konsekvensane etter reduksjon av biomassene i Hardangerfjorden vil få for vårt vassdrag er me usikre på då me også er usikre på kva tid me kan opna for fiske igjen.

Men som sagt er me positive til reduseringa av biomassen, men meiner at det også at ein må sjå på fleire ting i samband med luseplaga, bla. forska på betre medisiner eller finne andre metoder for å fjerne lusa.

Med venleg



Per Bergli

For Ådlandsvatnet Fiskelag